

Ny loppemarknad i februar

20.01.2012



Optimistar også framfor neste loppemarknad: Kjell B. Olsen, Gianni Rebaudo og Agnar Melkersen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lions i Kvinnherad, som har basen sin i Gamleskulen i Uskedalen, hadde stor suksess med loppemarknad i Aktivitetshuset i fjor vinter. No satsar dei på ein ny suksess og loppemarknaden denne vinteren vil gå føre seg laurdag 25. februar med innsamling av loppar ei veke tidlegare.

Fjarørets overskot på 26 000 av loppemarknaden, tulipanaksjonen og gav var fordelt slik at 9000 gjekk til Uskedalen.

Loppemarknaden separat gav 15 000

Av overskotet gjekk 5 000 til den nye tre-lavvoen i Skårhaug som kommunen no har gjeve grønt lys for. 2000 gjekk til nytt kjøkenutstyr i Gamleskulen og 2000 til dei finne idrettsjentene Ingebjørg Haugland og Kari Bråtun. Elles i kommunen fekk mellom andre Rosendalstunet og Husnestunet bidrag til viktige føremål, men Lions er også forplikta internasjonalt til å støtta store prosjekt til dømes katastrofer og kamp mot blindheit.

- Allereie no bør folk begynna med å førebu loppemarknaden, seier Gianni Rebaudo til uskedalen.no.

- Dei kan leggje til side ting som passar for marknaden og så skal vi hente dei i god tid før 25. februar. Vi vil stå mellom klokka 10 og 12 laurdag 18. februar både ved Gamleskulen i Uskedalen og det gamle senteret på Husnes.

På ynskjelista vår står mellom anna små møblar, leiker, bøker, koppar og kar og syklar, opplyser Rebaudo..

Erfaringane frå den første loppemarknaden var så gode at det er grunn til å ha store forventningar til den neste.

Av Ola Matti Mathisen



Uskedelingen Jan Erik Olsson vart teke opp som medlem i Lions under siste styremøte.